

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 101	Kjem ut kvar månad	Januar 1939	Utgjevar og redaktør: Prost Slaattelid Davik	10. årg.
---------	-----------------------	-------------	---	----------

Bønnen.

Fold dine hender i bønn til Gud,
selv om ei ord du kan finne,
så vil du sende til himlen et bud
om hjelp til Guds rike å vinne.

Fold dine hender i tro på Gud,
selv om din tro er liten;
vokse kan selv det minste skudd
og høiere nå enn din viden.

Fold dine hender i takk til Gud
for alt hvad han dig har givet.
Selv vil han følge dig dagene ut,
og evig du eier livet.

Våre folkesynder.

Av biskop Hognestad.

Luk. 6, 46—49.

Jesus talar um folk som kallar han herre, og som høyrer hans ord. Dette høver på det me kallar eit kriste folk. Kristennamnet hev vårt norske folk rett til å bera. Kristendomen er vår offentlege religion, som ved lov er verna imot spott og offentleg skrift. Dei aller fleste menneske er døypte, og alle som veks upp lærer i skulen um kristendomen. Det er laga so at folk er sette inn som embetsmenn til å forkynna Kristi evangelium kvar sundag, og elles vert det same evangelium forkynt av mange andre. Heile vårt folk kjenner soleis Jesus Kristus, og alle hev allvisst ein gong høyrte noko av hans ord. —

Dersom alt var gjort med dette, måtte ein segja at det endå ikkje stod so verst til med oss. Vel vilde me endå ha mange synder. Soleis høyrer me slett ikkje Guds ord so mykje som me skulde. Men endå verre vert det når me høyrer kva Jesus segjer idag. Det er ikkje nok um ein høyrer hans ord aldri so vel, for ein kann kalla han herre og høyra

han på tvo måtar, so at ein gjer etter hans ord, eller so at ein ikkje gjer etter dei. Berre den fyrste måten er verkeleg gagn i.

Jesu evangelium er av det slaget at det ikkje skal vera berre for tanke og minnet, det skal vera for livet, ein må leva etter det. Det er som med ei reisehandbok, vil ein få røyna um ho er rett, må ein reisa etter henne. Alle som høyrer Guds ord byggjer seg eit hus av kunnskap. Men når ordet rett skal gjera si nytta i stormande tider, då syner det seg um ein hev lært å byggja på fast grunn i livet. Likeeins er det ikkje det det gjeld um å kalla Jesus herre, men å taka han til herre yver oss, so han fær styra vårt liv etter sitt ord.

Korleis er det no med vårt folkeliv? Fær det rett bera merke av Jesus som Herre?

Me tarv ikkje lenge sjå oss ikring før me ser at det finst mykje inillom oss som ikkje høver med Kristi herredøme. Me hev stygge folkesynder som skjemma oss.

Lat meg fyrst få nemna drykken. Det er for tidi ei av dei verste folkesynder hjå dei fleste kulturfolk. Her i vårt land hev det i mange år vore arbeidt mykje imot denne folkesynd, og med Guds hjelp hev me vunne eit stykke på veg. Men endå stend mykje att, og drykken herjar fælt inillom oss. Gud vil at me skal kasta våre sorger på han og verta glade. Drykken lovar ogso å sløkkja sorgi og gjera oss glade. Men kva slag gleda vert det etter drykken? Ei sjølvvana gleda, usann og unaturleg og difor rå. Og etterpå kjem samvitsagg med sorg og anger. Det er ei stor synd å skjemma gleda på den måten, det hev gjort at vårt folkeliv kann so lite med den verkelege gleda. Det hev sett ein flekk på gleda, so mange kristne trur at all gleda er synd. Å for eit tap i vårt folkeliv! Gleda skulde me ha, men Jesus

skulde få vera herre ogso yver vår gleda. Det skulde vera som Paulus segjer: Fyll dykk ikkje med vin som det er skamløysa i, men vert fyllte av Anden, so de talar til kvarandre med salmar og lovsongar og åndelege visor og syng og leikar i dykkar hjarto for Herren, og alltid takkar Gud og Fadren for alle ting i Herren Jesu namn.

Her er mange andre folkesynder som ogso burde nemmast. Sedløysa er ei synd som hev gripe djupt ned i vårt folkeliv. Det er synd som øydelegg dei einskilde, riv sund heimane, legg familielukka i ruin og gjer folket moralskt veikt. Her må me ropa varsku, og her bør me gjera bot og umvenda oss.

Ei onnor synd som og burde nemmast er det øydsame liv som mange lever. Og stort set kann det nok ikkje segjast at det norske folk er eit nøgsamt folk. Me treng um å leggja oss på hjarta apostelen sine ord når han segjer: »Gudlegdom saman med nøgsemnd er ei stor vinning.« Å leva yver evne er ei større synd enn folk er merksam på. Det vert misbruk av Guds gåvor og dreg mange synder etter seg. Soleis undergrev denne synd folkemoralen meir enn folk skynar. I samanheng med dette kunde me nemna eit vilt, utøymt ungdomsliv. Me elsker vår norske ungdom og ynskjer at ungdomslivet skal tuftast på den faste urikkande grunnen.

Kristne menneske må kjenna sitt ansvar. Me må lata Kristus vera grunnen under alt vårt liv. Hev me kristeleg kunnskap utan liv, skal me ikkje riva kunnskapen ned, men byggja grunn under huset ved å leva etter Kristi ord, so kunnskapen vert ei indre åndeleg eiga. Trondheims domkyrkja hadde dårleg grunn, men dei bygde betre grunnmur under henne, og so reiste dei tårnet høgare. Hadde vårt kristenliv betre grunn, kunde det og nå høgare som ljøs i landet og djupare inn i folkelivet som det verande salt det skal vera.

Efter Guds kurs.

Jeg vil gjerne fortelle om et ualmindelig besøk vi forleden hadde her i Leith. Det var 21 færøiske fiskere som hadde lidt skibbrudd utenfor Grønland, drevet til Newfoundland, og derfra kommet med passasjerbåt til Leith, for så å ta rutebåten herfra

og hjem. Deres ferd fra Grønland til Newfoundland var så underlig, at jeg må få skildre den i enkeltheter.

Den 4. september forlot motorfartøiet »Cornett« Færingahavn på Grønland, for efter 2 måneders fiske å dra hjem med full fangst. Rett ut for Kap Farvel kom stormen. Det var den 7. om kvelden. En sjø gikk straks over hele båten, og fylte seilet. Masten knakk og gikk overbord og det blev deres redning, for ellers var båten gått ned med det fylte seil. Natten blev tilbragt med øsing og pumping. Morgenen var litt bedre; men om aftenen øket været på til kraftig orkan. Nu måtte oljen overbord, for å stagge sjøen. Den 9. og 10. bar det da unna for vinden. Været var veldig med østlig vind, og de forstod at det bar mot Amerika.

Den 11. var det blitt stille igjen. Nu var der tid til orientering. Hvordan var tilstanden? Mast og seil var borte, og det var bare en liten rest olje igjen til å drive motoren med. Ingen telegraf, og heller intet nøiaktig orienteringsmiddel, så de kunde vite hvor *nærmeste* land var. De øinet ingen menneskelig utvei til redning.

Kapteinen og en hel del av mannskapet var troende. Nu samlet han alle i sin lugar, og så overgav de sig til Gud, var stille for ham, og bad ham bestemme kursen. Da de så gikk op, var båten lagt om i en annen kurs, og der var blitt en pen vind. Nu holdt de denne kursen så nøiaktig de kunde, i avvekslende vær i 8 døgn. Vi er nu kommet til den 19. Den dagen blev kapteinen minnet om dette: »Prøver Herren!« Nu skulde der prøves om ikke Herrens kurs var rett, og motoren blev satt i gang med resten av oljen (kursen hadde de holdt før ved hjelp av en oprigget nødast og nødseil). Næste dag så de land, og i strålende vær seilte de inn i en lun, god havn. De hadde også bedt om å få komme til et befolket sted, og Guds kurs førte dem nettop til en slik havn som de ønsket. Hjelpsomme mennesker kom straks ombord med mat og frukt, og forkomne som de var, fikk de den beste pleie. De var kommet til Bon Avista, Newfoundland.

Denne mektige Guds tale hadde virket så sterkt på hele besetningen, at de nu *alle* hadde overgitt sitt liv til Guds kurs.

Jeg glemmer aldri disse trauste fiskeres vidnesbyrd. Av forskjellig alder var de; nogen unge og rakryggede, andre rundryggede slitere, men deres lovsang om *Herrens* kurs var den samme.

I 5 dager gikk de inn og ut på vårt leseværelse. De fór så stilt og beskjedent frem; men når de vidnet, var det i glødende intensitet, i ånd og kraft.

Og tilslutt ser jeg for mig hele skaren, der de samlet stod midt på gulvet og sang for oss til avskjed. De stod efter sin skikk og rugget frem og tilbake, og sang på sitt eget mål en jublende lov- og takkesang til Guds ære.

Sverre Kirsebom i »B. og H.«



Prost Nybø.

Prost Nybø døyde 10. desember i Måløy etter lang tids sjukdom.

Reiel Andreas Nybø var fødd i Davik 13. februar 1869 av foreldre gbr. Reiel Andersson og kona Rasmine Monsdtr. Faren var fødd i Indredavik; mora var jordgjente på Boen eller Ytredavik som då var det vanlege offisielle namnet. — Han tok studenteksamen i 1891, gjekk eit år på krigsskulen og vart vernepliktig offiser i 1892, tok teologisk embetseksamen i 1899, vart same året styrar av ein privat millomskule i Gloppen og i 1903 fylkesskulestyrar i Elverum. — I 1904 vart han utnemnd til sokneprest i Loppa i Finnmark og i 1911 kom han til Selje. I 1925 vart han prost i Nordfjord. Han søkte avskil i 1936 og hadde altså då vore prest i Selje i 25 år. Han var mykje med i det kommunale liv både i Loppa og i Selje; på den fyrste staden var han ordførar i 4 år og i Selje i 6 år. Fleire gongar var han uppsett som kandidat for høgre ved stortingsval. Han fekk då han slutta som prest, kongens fortenestmedalje i gull.

Prost Nybø var ein mann som vann seg vyrndnad hjå dei som kjende han, dugande som han var med sitt praktiske skyn og si store roynsle både i kyrkjelege og verdslege saker. Det var gildt å vera saman med han, hyggjeleg, munter og liketil som han alltid var. For prestane i Nordfjord var han

ein god hjelpar og ven, som vi ikkje berre såg upp til med vyrndnad, men og lærde å halda av. Davik, heimbygda si, var han glad i alltid, og han var stødt ferdig til å hjelpa til, når det galdt noko som hadde interesse for den.

No er han då gått burt. Vi som lærde han å kjenna, saknar han djupt, og vil minnst han i vyrndnad og kjærleik. Han kvile i fred.



Våre døde.

17. nov.: Ingeborg Monsdtr. Berstad, kona til Anders Berstad; f. 1862 i Kroken; hjartesjukdom.

28. nov.: Kristine Olsdtr. Gillesdal, kona til Lars Gillesdal; f. 1857 i Ervik; hjerneslag.

Dei vert ikkje funne meir.

Job. 4, 20.

Notisar.

Døypte: 11. des. Magnar Karl, f. 31. okt. av f. Martin Matiasson Haslerud og k. Kirsten Martinesdtr. (f. Bøen).

Ektevigde: 4. des. i Laksevåg Marius Ellingsson Leirgulen og Marta Olaidtr. Lofnes. — 10. des. i Eid Olav Bergesson Humborstad og Anna Severinsdtr. Kjøllesdal.

Basarar: Husevåg 4. nov.: kr. 170.64; 75 kr. til indre sjømannsmisjon og til Finnemisjonen; 5 kr. til vanlyresaka. — Ålfot 1. nov. til heidningmisjonen 160 kr. — Maurstad 1. des. for Kinamisjonen 106 kr. + bøssepengar 80 kr. — Rugsund 3. des. til gamleheimen kr. 198.05; Dina Skarstein vann 1 underkjole, Oline Kolset 1 trøye, Rønnaug Sekjevik 1 blomsterpotte, Hildur Skar 1 sofapute, Sigrid Margrete 1 saftflaske, Leif Dombestein 1 veske, Gerd Menzies 1 serviett, Samson Strømmen 1 serviett, Magnus Bortne 1 dukke, Ludvig Fløtre 1 duk, Ivar Lofnes 1 par vottar. — »Ein bordduk utlodda i Ålfot til inntekt til klæde åt fatige born i Finnmark vart vunnen på lodd nr. 349 Marta Bruland. At trekkninga er rett vitnar vi. Ålfoten 16. nov. 1938. Emil E. Myklebust, Ingeborg Myklebust, Olga Midthjell.»

For 100 år sidan. Døde: 14. jan. 1839 Mari Andersdtr. Henøen, gårdmannskone, 68 år.

Norske namn for norske born!

Torleiv, Torvald, Torald, Tord, Tore, Torolv, Torönn, Torberg, Torbjörn, Torgard, Torgeir, Torgils, Torgrim, Torkel, Torlak, Torleik, Tormod, Tormund, Torstein, Torvid, Trond, Trygve, Toralv, Torodd, Torvard. — Tora, Torunn, Torbjörg, Torborg, Tordis, Torgerd, Torhild, Turid, Torny, Torlaug.

Hugs på! Barnefødsel skal meldast til soknepresten seinast ein månad etter fødselen; ein får skjema hjå jordmora. — Dødsfall må ein straks melde til lensmannen. — Lysing til ekteskap må ein få ordna minst 3 viker eller vel det, fyrr ein har tenkt å ha brudlaup.

Gudstenester:

22. januar: Rugsund.
29. » Davik.
5. februar: Totland.
12. » Rugsund.
19. » Davik.
26. » Aalfot.

Kvittering for kontingent: Ole Vemmelsvik, Kristofer I. Husevag, Mons Isane, Tollef M. Førde, Ole H. Myklebust, Hans R. Hamre 3 kr. — Simon A. Bakke 2.50. — O. D., Jonas Askeland, Sogni Kjøllesdal, Jenny Brun Larsen, Kristofer Elvebakke, Kristianne Houkedal, Rasmine K. Isene, Karl Orheim, Helene Askeland 2 kr. — Marie Loen 1 kr. — Lærer Husevag 4 kr. — Karl Haugland, Reinert O. Leite 5 kr. — Tilsaman kr. 53.50.

Hjarteleg takk til dei alle.

Retting: I lista over kontingent i november-nummeret var utegløymd: Brynjel Maurstad 3 kr. Pengane var medteken i den samla summen: 54 kr.

Fra Claus Frimanns dager.

I Morgenbladet for 1826 finner man følgende innsendte stykke:

Den dag da biskop Neumann visiterte i Davikens kirke, den 4. august, var nettop dikteren Claus Frimanns fødselsdag. Prost Pavels bemerket det på reisen fra Gløppen til Daviken. Alle blev derfor enige om at der av de roser hvormed båtvengen var prydet i overflødighet fra Gløppens blomstrende have, skulde næste morgen flettes en krans for ved middagsbordet å omvindes dikterens tinding. Det skjedde og der overrakte ham tillige følgende hyldning:

Til Provst Frimann, den 4. August 1826.

I Laurens blide Fosterland
Man hædred' Skalden med dens eviggrønne Blade.
Paa Tomterne af Romas Herlighed.
Paa Capitolet selv i yngre Dage
Man kronede Digteren som sang
Om de gjenvundne Helligdomme
I Palestina's Land, den gjevne Tasso,
Og Metastasio og ham som skildrede
Den underfulde Efterverden,
Den drømmerige Dante Alighieri,
Og flere kronede man.
Og Folket folte med Ærbødighed
Geniets Kraft og hyldede villig
Den kronede Aandens Helt.

Men Aandens Helte fødes ikke blot
I Laurens Fosterland. I kolde Nord
Slog stedse varme Hjerter som med Ild
Udtalte hvad dem Musen gav af Skjønt og Ædelt,
Som tolkede hver hellig Fordring
Af Dyd og Retfærd og af Almeenaand,
Og gladeligen hørtes deres Sange,
Og Folket nymmede fra Slægt til Slægt
De vise Quad og holdt dem høit i Ære.

Saa hørtes dine Quad, du Norges gamle Skald,
O, ædle Frimann, alt i mange Lustrer,
Og Norge glædedes derved, og Danas Sletter
End Iyttede til din Sang.

Thi herlighøit lød Tonen fra din Harpe
Om Livets høie Meed og Christnes Haab
Og Dydens Værd og Stordaads Hæder
Og Kjærlighed til Gud, til Brødre og til Fosterlandet.

Ei brydes Laurens Green i Norges Land
At vi omvinde kan med den din Isse
Til Løn for herlig Sang; men taaler Du
At Norges Flora af sin jævne Pynt
Maa bringe Dig et Offer; taaler Du
At yngre Brøder, rørt af Din Harpes Slag,
I Brødres og i Søstres Navn maae overrække
Dig dette Offer: Saa tag denne Krands
Af mine Hænder og med den vor fælles Hyldning,
Og hør den simple Sang fra vore Læber:

**Held hver hvis Aand med Kraft og Lyst
Fremmaned' Livets Glæder!
Held hver som sang af mandigt Bryst
Om Fødelandets Hæder!
Held, Frimann, Dig, Du Sanger skjøn!
Glad ønsker Dig hver Norges Søn:
Din Bautasteen til sidste Dag
Staae i hver Nordmands Hjerte!**

Den gamle var rørt og lot til samme stund
høre av sin muses kraft. Claus Frimann er
Nordens eldste nulevende skald. Hans ånd er
livfull og hans omgang behagelig, likesom
hans legemes kraft ennu er så usvekket at
han tilfots ledsaget bispen til kirken og i
middagsheten tilbake igjen til prestegården.

Anmerkninger: Stykket er antagelig innsendt av
biskop Neumann. Diktet er av prost Pavels i
Gløppen, som også var lirt av en poet. — Laure =
fårbærtre. Laurens fosterland = Italia. Tasso,
Metastasio og Dante: italienske diktere. Tasso
skrev et dikt om korstogene til Palestina, Dante
skildret sin ferd til helvede, skjærsilden og him-
melen i diktet: Den guddommelige komedie. —
Musene = kunstens gudinner. Lustrer: årrekker.
Dana = Danmark. Flora: blomsternes gudinne.